



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Møterom 1. etasje
Dato:	13.08.2018
Tid:	15:00 – 16:30

Medlemmer som møtte:

Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Henry Jøsokbakke	Medlem	V

Forfall:

Stig Arne Helsem Sævik	LEDER	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Bjarne Kvalsvik	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemmer som møtte:

Joakim Eiksund	Stig Arne Helsem Sævik	H
Leiv Aarflot	Reidun S Myrvågnes	AP

Andre:

Planleggar/avdelingsleiar utvikling Ole Magne Rotevatn

Nestleiar Knut Johan Voldsund leia møte.

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Hilde Marie Brungot og Joakim Eiksund

Skriv delt ut i møte:

Notat frå Kulturavdelinga datert 13.08.18 – Sommarope Herøy kystmuseum 2018

Orienteringar:

Avdelingsleiar for kultur, Eileen Gjerde, la fram orienteringssak om status for Herøy gard og opningstider sommaren 2018.

Hilde Marie Brungot

Knut Johan Voldsund
underskifter

Joakim Eiksund

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 25/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 26/18	Protokoll frå førre møte
PS 27/18	Delegerte saker
PS 28/18	Referatsaker
PS 29/18	Tildeling av driftstilskot av kulturmidlar - 2018
PS 30/18	Etablering av kommunalt eigedomsselskap
PS 31/18	Tilskot frå kommunalt næringsfond - Marcelina Mrozowicz
PS 32/18	Tilskot frå kommunalt næringsfond - Vest Coast Construction - klage på vedtak i KN- sak 15/18

Referatsaker

RS 9/18

Spørsmål til rådmannen 07.05.2018 - svar
frå rådmannen

PS 25/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 26/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 27/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Ingen delegerte saker til dette møte.

PS 28/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 29/18 TILDELING AV DRIFTSTILSKOT AV KULTURMIDLAR - 2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 13.08.2018

1. Kulturmidlane er fordelt på kategoriar Barn og unge, Song og musikk, Idrett etter vedlagt liste over tildeling.

- . Tilskotet vert utbetalt over post
- . Barn og unge, 14700. 4011. 231.
- . Idrett, 14700. 4011. 380.
- . Song og musikk, 14700. 4011. 377.

Tildelinga er utrekna ut frå retningsliner for tildeling av kulturmidlar.

PS 30/18 ETABLERING AV KOMMUNALT EIGEDOMSSELSKAP

Møtebehandling:

H, Joakim Eiksund reiste habilitetsspørsmål då han er tilsett i Egedomsavdelinga. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Joakim Eiksund vart samrøystes kjend habil.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 13.08.2018

1. Kommunestyret tek komiteen si tilråding til vitande og ber rådmannen om å vidareføre organiseringa av egedomsforvaltninga som i dag.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å utarbeide ein modell for internhusleige og legge denne til grunn for budsjett 2020.

PS 31/18 TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND - MARCELINA MROZOWICZ

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 13.08.2018

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil kr. 150.000,- frå det kommunale næringsfondet til Mymarcelin Marcelina Mrozowicz for innkjøp av utstyr og maskiner.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn

for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

PS 32/18 TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND - VEST COAST CONSTRUCTION - KLAGE PÅ VEDTAK I KN-SAK 15/18

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 13.08.2018

Komite for næring, kultur og idrett kan ikkje sjå at det kjem fram vesentlege nye opplysningar i klaga i høve det som låg føre då komiteen gjorde sitt vedtak i KN-sak 15/18, 07.05.2018.

Klagen vert difor ikkje teken til følgje og saka vert sendt til klageutvalet for endeleg avgjerd.

MØTET SLUTT!